



Leif Bjarne Haukeland
Austfjordvegen 2638
5981 Masfjordnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/494 - 22/5141


Sakshandsamar:
Sveinung Toft
sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Dato:
09.06.2022

Gjeld uteområdet ved Sandnes skule - framlegg til endringar

Det vert vist til brev frå Leif Bjarne Haukeland dagsett 31.03.2022, der det vert framsett klage på støy frå ballbane og grøntområde som følgje av endra bruk ved Sandnes skule. I brevet vert det vist til fleire problemstillingar knytt til støy frå ulike aktiviteter knytt til uteområda ved Sandnes skule. På bakgrunn av dette brevet og ei felles synfaring med naboane, rektor og leiar i FAU den 2. juni 2022 ser ein at det er fleire punkt som bør drøftast nærmare. Desse er vist i punkta nedunder.

1. To leikehytter i tre som er lokalisert i naturområdet vest for deira eigedom gnr 31 bnr 58. Kartet nedunder viser dei to hyttene, der den eine ligg like under verandaen til bustadhuset.



Det kjem fram i brevet at eigarane av gnr 31 bnr 58 ønskjer sterkt at desse to hyttene får ny lokalisering, fordi hyttene medfører vesentlege ulemper (støy m.v.) for dei.

2. Baskettballbana, vist heilt vest i kartet, meiner naboane genererer mykje støy, og viser til vegleiar frå Helsedirektoratet om slike anlegg og støy.
3. Reetablering av det høge gjerdet mellom naturområdet og skuleområdet, slik at naturområdet vert reetablert.

Framlegg til endringar i bruken av uteområdet:

Administrasjonen har vurdert klagen frå naboane og meiner at det er naudsynt å flytte dei to hyttene, samt reetablere det høge gjerdet mellom grøntområdet og skuleområdet, på vilkår av at det kjem ei mindre grind i dette gjerdet, for henting av ballar og liknande. Sjølve basketballbana, og bruken av denne, rår ein til at Sandnes skule lagar reglar for, og heng opp skilt, med naudsynt tidsavgrensing når bana skal vere i bruk i skuletida. Ein rår til følgjande regel i skuletida: **Basketballbana kan nyttast i tidsrommet klokka 10.00 – 16:30**

Framlegget vert med dette sendt på høyring med frist 01.08.2022 for tilsvar frå skulen sine rådsorgan (SU og FAU), og til nabo. Deretter vil administrasjonen ta saka med seg vidare til slutthandsaming.

Med helsing

Sveinung Toft
assisterande rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Rita Ludvigsen	Osterøyvegen 2136	5282	LONEVÅG
Roald Kvingedal		5981	MASFJORDNES

Mottakarar:

Leif Bjarne Haukeland

Austfjordvegen 5981
2638

Masfjordnes

Sandnes skule